Fulldistribusjon

# KYRKJEBLAD

54. årg. FOR VAKSDAL PRESTEGJELD Nr. 5/2000

## Les i kyrkjebladet

23. juli vart det i strålande ver skipa til Dalastemne på fjellet mellom Eksingedalen og Modalen.

Side 3.

Seim Songkor med fleire kjem til Dale kyrkje søndag 8. oktober.

Sjå meir om det side 8.

# Eidsland kapell 75 år

Etter at det i 1912 kom ynskje om å få eit kapell i samband med gravstaden dei hadde hatt på Eidsland sidan 1892, gjekk det tretten år til før dei endeleg kunne innvia kapellet.

29. april 1925 tona kyrkjeklokka for fyrste gong ut over Eidslandbygda og kalla folk til gudsteneste.

1. oktober i år vert det skipa til jubileumsgudsteneste med påfylgjande fest.

Som eit glimt frå det som har skjedd i kapellet tek med me eit foto av konfirmantar frå Eidsland og Eksingedalen utanfor kapellet på Eidsland i 1967.

Les og sjå meir side 4.



**VAKSDAL PRESTEGJELD**
**Kyrkjekontoret for Vaksdal**
Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
**Tlf. 56 59 61 20**
**Fax 56 59 89 46**
e-post:
kyrkjekontoret.vaksdal@ulvik.org
**Ekspedisjonstid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30**

**Kyrkjeverje Svein Tøsse,**
Tlf. kontor 56 59 61 20
Mobiltlf. 95 97 99 05

**Sokneprest Frode Kvamsøe**
Tlf. kontor 56 59 61 20 , e-post:
soknepresten.vaksdal@ulvik.org
Tlf. privat 56 59 73 15 , e-post:
frode.kvamsoe@c2i.net
Mobiltlf. 90 19 65 14

**Kapellan Bård-Egil Dyrhol**
Postboks 23, 5725 Vaksdal
Tlf. kontor og privat 56 59 70 88
Mobiltlf. 90 84 06 24

**Samtale med presten**
Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
**Bladstyrar:**
Ragnvald Kringlebotten,
5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
e-post: ragnvald_02@yahoo.no
**Kasserar:**
Elisabeth Dyrhol,
Vaksdalgarden 10, 5725 Vaksdal.
Tlf. 56 59 70 88
**Eksp. og trykk:**
Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.
**Retur til:** Kyrkjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**STOFF TIL NESTE NR.**
må vera kome redaktøren i hende innan **20. september 2000.**
Bladet kjem ut i veke 42 som byrjar med 16. oktober. *Ragnvald*

## KYRKJESTADEN
### DALE 100 ÅR
**Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

**kr. 100,-**
**hjå Petersen & Ypsøy og på Kyrkjekontoret. Boka kan tingast frå Kyrkjekontoret, Boks 113, 5721 Dalekvam . Tlf. 56 59 61 20**



## Godkjende leverandørar av gravminner

**Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminner. Alle gravminner må være innanfor forskriftene i gravferdsloven. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.**

Åsane stein AS
Sæthre stenindustri AS
Kjøl Stenindustri
Øien steinhuggeri
Brødrene Strand Stenhuggeri AS
Decoform Gravmonumenter AS
Eikner Naturstein AS

**Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent.**
**Godkjenningar i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.**

# "Rystande" fulltreffar

Det er nok ikkje alltid at salme- og bibeltekstar vert opplevd som like aktuelle for alle. Men nokre gonger treffe det betre enn nokon kunne planlagd: Laurdag 12. august vart vi råka av jordskjelv om ettermiddagen. Dagen etter høyrde vi i preiketeksten mellom anna om den kloke mannen som bygde huset sitt på fjellgrunn, og om den uvituge som bygde på sandgrunn. Huset på fjell sto støtt i uver og blest, mens huset bygd på sandgrunn fall. Og gudstenesta i Dale kyrkje vart avslutta med den einaste salma i salmebøkene våre som har ordet jordskjelv i seg. Nr. 415, Du Far og Herre, du som rår, sluttar slik:

**Lat tvilen vike for vår tru; i jordskjelv, storm og eld, kom du, kom linne susings røyst!**



Ja, nokon kvar kan jo få seg ein støkk ved eit jordskjelv.

# Dalastemna

Rundt 50 personar tok turen til Storavatnet, biletet til høgre øverst, tredje sundagen i juli, då det var tid for Dalastemne att. Dette var tredje gongen ein freista å samla folk etter at tradisjonen med stemna vart teken opp att i 1998. Fyrste gongen var vel veret skuld i at ikkje så mange tok ut, og i fjor vart det gudsteneste i Eksingedalen kyrkje i staden, grunna dårleg ver. Men i år var veret nærast perfekt for ein slik tur og eit slikt stemne.

Det har vore diskusjon om kvar ved Storavatnet dei fyrste stemna vart haldne for nærara 60 år sidan. No vart ein samd om at det var ved Modalsenden av Storavatnet, der stemna vart halde i år. Om ein har nytta fleire stemnestadar tidlegare, er ikkje godt å seie. I alle fall er dei skrivne referata frå den gongen så klåre, at tvil om plassering av staden vart borte hjå dei fleste.

Gudstenesta som innleia stemna, tok til noko seinare enn planlagd, då dei som gjekk frå Flatekval trong lengre tid enn planlagt opp til stemnestaden. Fyrst omlag kvart på eitt kunne Sigrun Dale ynskje velkomen, før gudstenesta vart innleia med klokkeringing frå Siv-Aina Gullbrå, tidlegare kyrkjetenar på Flatekval og noverande modøling og soknerådsmedlem. Sokneprest Kvamsøe leia gudstenesta. Etter matøkta kom fleire det helsingar og informasjon. Blant desse var Harald Nygard, som var med på dei fyrste stemnene, Aage Lavik, og begge kommunane sine ordførarar.

Nytt av året var at ein sende rundt ei "gjestebok", der dei som ville vere med på det, kunne skrive seg inn. I tillegg vert det limt inn bilete og skrive referat frå dette og komande stemner.







*Harald Nygard frå Modalen, til venstre, som var med på dei fyrste stemnene, og Aage Lavik fortalde og helsa.*





*Helsing kom det også frå ordførarane i Modalen og Vaksdal ved Leif Egil Nåmdal, til venstre, og Øyvind Olsnes til høgre.* Alle foto: Asbjørn Lavik

# Eidsland kapell 75 år

I vår var det 75 år sidan Eidslendingane kunne samlast for fyrste gong i eige gudshus, biletet til høgre.

I boka som kom ut om Stamneskyrkja i 1986 står det også litt om Eidsland kapell, og me tek med litt frå den boka.

"I 1912 kom ynskjet om å få kapell i samband med gravstaden dei allereie hadde fått i 1892. 25. april 1921 sende soknepresten søknad til prostiet, som den 27. april sende den vidare til stiftsdireksjonen.

Onsdagsmorgonen 29. april 1925 ljoma kyrkjeklokka for fyrste gong i korbedehuset på Eidsland. Prost Vasstrand gjorde altarteneste. Han vigsla huset og den utvida kyrkjegarden frå altaret. To born vart døypte og eit heimedøypt vart signa.

I 1957 fekk kyrkjeskipet og koret elektrisk oppvarming. Nytt elektronisk orgel vart vigsla og teke i bruk under julekonserten i 1970."

Nytt sakresti vart teke i bruk i 1980, og flomlys fekk ein i 1994.

I år er kapellet nymåla og har fått ny kledning på tårnet.

Kapellet vart bygd som eit bedehuskapell, noko som ein kan sjå av ei store dørene framme i koren. Med dei kan ein skilje av altarpartiet når det er ynskjeleg.

**Sundag 1. oktober** vert den store jubileumsdagen, med gudsteneste og fest på Grendahuset etterpå. Ei lokal nemd arbeider med programmet for feiringa, vonaleg finn mange vegen til samvera den dagen. Til gudstenesta kjem prost Knut A. Knudsen og prestegjeldet sine eigne prestar. Tidlegare prestar og organistar er og inviterte til feiringa.





*I fleire år nå har det vore tradisjon å syngja jula inn i Eidsland kapell julafta. Her ser me koret som syng julafta 1997.*

Foto: Anne Margrethe Eikefet

# Himmel og bøn på ønskjetoppen

Dei kristne songane "Der rosor aldri dør" og "Det er makt i de foldede hender" er saman med "De nære ting" og Tango for to" dei fire songane som har vore gjengangarane dei siste femti åra i NRKs Ønskjekonserten. Det syner i følgje KPK ei oppteljing NRK har gjort. Det er det svenske ekteparet Mia Mariann og Per Philp som syng himmelsongen "Der rosor aldri dør", medan Randult Saunes syng "Det er makt i de foldende hender", som er skrive av Trygve Bjerkrheim.

Fleire songar med kristent innhald toppa lista over dei mest populære songane i Ønskjekonserten. Fylgjande har nådd høgast: "Kjærlighet fra Gud" sunge av Gunnar Martinsen, toppønskjet i 1965, "Jeg er i Herrens hender" sunge av Olav Werner/Olav Eriksen, topp i –67, "Barnatro", sunge av Lapplisa, topp i –68, "O bli hos meg" med Olav Werner/ Aase Nordmo Løvberg, topp i –72, "Han er min sang og min glede", med Rune Larsen, topp i –78 og "Hjemme i himlen", sunge av Gunstein Draugedalen/ Anne Karin Kaasa, topp i –95.

(KPK)



# Kraftig auke i talet på kristne i Arika, Asia og Sør-Amerika

Kristendomen er den religionen i verda som har flest tilhengjarar. Kvart tredje menneske i verda tilhøyrer formelt sett eit av dei kristne trussamfunna i verda. Det viser ein statusrapport som er laga i samband med tusenårsskiftet.

I løpet av dei siste 100 åra har det skjedd ei dramatisk forskyving av kor dei kristne i verda oppheld seg. I 1900 budde 370 millionar av verda sine 560 millionar kristne i Europa. Samstundes var det 8,7 millionar kristne i Afrika, 20 millionar i Asia og 60 millionar i Sør-Amerika. Dei tilsvarande tala no, 100 år seinare, er 536 millionar kristne i Europa, 333 millionar i Afrika, 300 millionar i Asia og 463 millionar i Sør-Amerika. Det er Sør-Amerika som har hatt den sterkaste veksten i talet krisne i løpet av desse 100 åra.

(KPK)

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 J | 2 E | 3 S | U | 4 S | 5 P | 6 I | 7 A | 8 N | O |
| 9 E | V | I | 10 G | 11 M | O | R | 12 R | O | 13 T |
| 14 R | A | N | 15 E | I | 16 L | E | E | 17 R | E |
| 18 U | 19 H | E | L | L | 20 I | N | 21 N | E | N |
| 22 S | A | 23 S | E | 24 E | T | E | D | 25 G | N |
| 26 A | V | 27 A | 28 T | 29 Ø | 30 I | 31 V | A | 32 R | E |
| 33 L | 34 I | 35 T | E | R | 36 L | E | 37 L | U | R |
| 38 E | S | 39 A | N | N | A | 40 P | 41 R | I | 42 M |
| 43 M | 44 Å | N | 45 D | 46 A | G | 47 S | O | 48 T | A |
| 49 H | A | K | K | E | S | P | E | T | T |

**Her kjem løysinga på kryssordet me hadde i sommarnummeret.**

# SLEKTERS GANG

## DØYPTE

**DALE**
02.07 Ruben Skaftun Søvik
13.08 Andreas Vågen

**VAKSDAL**
09.07 Erik Helle

**STAMNES**
06.08 Christian Lunde Stamnes
06.08 Malin Skjerve
06.08 Aina Skjerve
06.08 Silje Zuliani
27.08 Emil Osvald Solheim

...at dei må verta verande hjå Kristus når dei veks opp, liksom dei ved dåpen er innpota i han.

## VIGDE

**DALE**
24.06 Mette Vatle og
Tim Martensen
01.07 Linda Helen Hvidsten og
Geir Sveri Lundekvam

**VAKSDAL**
17.06 Marianne Herfindal og
Magnar Jacobsen
15.07 Gunnhild Boge og
René Voigt

**STAMNES**
15.07 Dag Inge Dæmring og
Åshild Johnsen

24.06 Wenche Skjervheim og
Kjell Arnstein Vedaa,
vigde i Vangskyrkja på Voss

*...at dei må halda trufast saman og hjelpa kvarandre fram mot det evige livet*

## AVLIDNE

**DALE**
05.07 Wenche Vaksdal, f.1943
27.07 Solveig Skreien, f.1918

**VAKSDAL**
19.06 Annora Melcher, f.1908
19.07 Katrine Vaksdal, f.1910
14.08 Gerda Erstad Eide, f.1908
16.08 Margit Olsnes, f.1917

**EKSINGEDALEN**
08.07 Aslaug Brørvik, f.1926

**STAMNES**
23.08 Alvhild Hesjedal, f.1914

**NESHEIM**
18.08 Johannes T. Fosse, f.1907

*...at me må læra å telja våre dagar, så me kan få visdom i hjarta.*

# Hordalands-aksjonen sundag 24. september

Kvar haust har Norsk Lærarakademi (NLA) sin Hordalandsaksjon, der dei sender tilsette og andre medarbeidarar ut til kyrkjer og bedehus med informasjon om skulane knytt til akademiet. Forkynninga i desse gudstenestene og møtene er desse som står for. I Vaksdal vert programmet slik:

**Dale kyrkje kl. 11:** Audun Tang og Harriet Garlid
**Stamnes kyrkje kl 11:** Eirik Waaler og Per I Kjærgård
**Stanghelle bedehus kl. 18:** Arve H. Haugland og Liv R. Warholm

# Dale sundagsskule 100 år

I år er det 100 år sidan det vart starta med sundagsskule på Dale, og jubileet skal markerast **sundag 22. oktober**, med gudsteneste i Dale kyrkje og fest i Dale bedehus etterpå.



# VIL DU LYTTA?



Kirkens SOS startar nytt innføringskurs for frivillige medarbeidarar. Kurset går over 10 måndagskveldar.

Medarbeidarane har vakt ca. kvar 12. dag og får støtte og vegleiing så lenge dei er i tenesta.

For å bli medarbeidar må du vera over 20 år. Me treng vanlege menneske som kan lytta meir enn dei snakkar sjølve. Dersom innringjar bed om det, må du kunna be ei bøn.

Velkomen til eit godt fellesskap og ei utfordrande og meiningsfull teneste!

**Ring Kirkens SOS**
**tlf. 55 32 58 45**
**på dagtid.**

ALT I KJØKKENINREDNING
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE
SNEKKERVERKSTED

SNEKKER
KJELL NYSTED

56 59 74 72 Mobil: 977 36 590

Trelast og byggevarer

DALE TRELAST a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
Dalegarden, 5722 Dalekvam

Snittar * Koldtbord * Begravelses-sammenkomster
* Overtidsmat * Møtelokale * Video * Stor-kiosk
Fast-food * Pizza * Musikk * Verksted * Dekk

CAMILLA'S KRO
DALE TRAFIKKSENTER AS

Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.
Tlf. 56 59 67 36–Fax: 56 59 67 75 -E-mail kaajo@online.no

FORBRUKER SAMVIRKET
MEDLEMSFORDELER og kjøpeutbytte

DALE HANDELSFORENING
avd. Dale 56 59 61 01
Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02
Avd. Stanghelle 56 59 50 35

PETERSEN & YPSØY AS
Bokhandel – Gåver – Foto
Kiosk – Tipping – Rikstoto.
Tlf. 56 59 61 58.

Kontormateriell – Data
Leiker – Hobby – Fotorammer,
i andre høgda på Dale Handelsforening.
Tlf. 56 59 79 80.

joker DALE

K. Seim A/S.
Boks 114,
5721 Dalekvam
tlf. 56 59 62 23
Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.
Her kan du handle det du treng.

Nye Dale
VERTSHUS

Boks 12, 5721 DALEKVAM
Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.

FORBRUKER SAMVIRKET
MEDLEMSFORDELER og kjøpeutbytte

SAMVIRKELAGET
INDRE VESTLAND
Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 46 61

Jill Frisørsalong
RANDI OG EVA

Tlf. 56 59 64 44
Opningstider:
Onsdag og torsdag: 09.00 - 18.00
Mandag, tirsdag og fredag: 09.00 - 16.30
Lørdag: 09.00 - 14.00



**C-POST**
FULLDISTRIBUSJON
Returadr.:
Vaksdal Kyrkjeblad
Postboks 113, 5721 Dalekvam

# *SEIM SONGKOR I DALE KYRKJE*

Seim Songkor vart skipa i 1974 og høyrer heime på Seim i Lindås kommune. Koret er eit blandakor og har omlag 45 medlemar. Opp gjennom åra har koret vore sers aktivt og hatt mange prosjekt, framføringar og konsertar innanfor ulike stilarter.

Når dei no kjem til Dale kyrkje 8. oktober, er det som ledd i ein miniturné der dei presenterer kyrkjemusikk frå antikken og fram til i dag. Blant komponistane finn vi Palestrina, Grieg, Nystedt og Kverno m.fl..

Dei har med seg to solistar på turnéen, Eli Johanne Rønnekleiv, sopran, og Laila Kolve som spelar på ulike trefløyter. Vi vil også få høyra religiøse folke-tonar.

Frå 1994 har Leif Egil Vatnøy vore koret sin dirigent. Han er utdanna ved musikklina på Hamar og Bergen Lærarhøgskular. Han har og utdanning frå Bergen Musikkonservatorium. Han arbeidar no som freelance songar og vokalpedagog og har korseminar over heile landet.

Seim Songkor har sunge i Dale kyrkje tidlegare i samband med Hordaland Korforbund sine nyårskonsertar.

# VELKOMEN TIL KYRKJE



**17.sept. – 14.søndag etter pinse**
**VAKSDAL kl.11.** Dyrhol. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
**EKSINGEDALEN kl.11.** Gudsteneste ved konfirmantane og Kvamsøe. Presentasjon av konfirmantane i Eksingdalen sokn.

**24.sept. – 15.søndag etter pinse**
**DALE kl.11.** Audun Tang. Nattverd. Offer til Norsk Lærarakademi.
**STAMNES kl.11.** Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Lærarakademi.

**1.okt. – 16.søndag etter pinse**
**EIDSLAND kl.11.** Festgudsteneste i høve 75 års jubiléet for Eidsland kapell. Prost Knutsen, Kvamsøe og Dyrhol.
**VAKSDAL kl.18.** Larsen. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

**Laurdag 7.oktober**
**EKSINGEDALEN kl.20.** Songkveld med "KILDEN".

**8.okt. – 17.søndag etter pinse**
**DALE kl.11.** Dyrhol. Nattverd. 50 og 60 års konfirmantar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
**NESHEIM kl.15.00.** Hausttakkefest v/Dyrhol. Konfirmantpresentasjon. Barnas Kyrkjebok til 4-åringar. Kyrkjekaffi med avskil for kapellan Dyrhol.
**DALE kl.19.30.** Konsert med Seim Songkor, Laila Kolve og Inger Johanne Rønnekleiv.

**15.okt. – 18.søndag etter pinse**
**VAKSDAL kl.11.** Dyrhol. Fest i Vaksdal bedehus med avskil for kapellan Dyrhol.

## KONSERT I DALE KYRKJE

***Søndag 8.okt.kl.19.30***
***SEIM SONGKOR***
*dir.: Leif Egil Vatnøy*
*Eli Johanne Rønnekleiv, sopran*
*Laila Kolve, trefløyter*

## Møteveke i Stanghelle bedehus
**12. – 17. september.**

Talarar:
Reidun Skurtveit og Svein Arne Hetlebakke.
Songkrefter tek del.

Kvardagar kl. 19.00.
Søndag 17. september vert det fest kl. 17.00

**Alle er hjarteleg velkomne.**

Arrangørar:
Dale, Stanghelle og Vaksdal Indremisjonar.